

## 1954 Skal hilse fra fjellet

I disse dager med snakk om kopiering, plagiat og likheter, blant annet en viss masteroppgave, skal jeg ta med versene fra *Dovreiland* av norskdomsmannen Trond Vigerust (død 1954), som er nimenning med min oldefar. Og mer skal jeg ikke si om den saken.



*Foto: Naturfotograf og Nikon ambassador Roger Brennhagen. [www.rogerbrennhagen.com](http://www.rogerbrennhagen.com)*

Eg kan helse deg frå villfjell med hengjefonn og bre,  
frå stormen som har rasa ut der inne.  
Eg kan helse deg frå solfjell og utgamal fred  
som lever så velsigna friskt i minne.

Eg kan helse deg frå vårliv på stille, kvite fjell  
når rupesteggen lokkar gjennom kveldan,  
når skyer ligg og logar der sol i attum fell.  
Slikt eventyr av farge såg du sjeldan.

Eg kan helse deg frå fjellet der det lysande ligg  
og laugar seg i sol og ljose næter,  
og frå milevide snøfly med tindar og pigg,  
- frå logne, småe dalstrok med si sæter.

Eg kan helse deg frå gråberg og mosefly og lyng,  
frå kjerringkjørr og klungerbjørk og eine,  
frå så einsleg ei hulder som i lengt går og syng  
på tome vang i kveldane så seine.

Eg kan helse deg frå vårliv i bygdegrend og bol,  
frå fossesprøyt og fugleleik i skogen  
og sevjelaup i treom og sunnavvind og sol  
og varme gust av glede gjennom hogen.

Eg kan helse deg frå livet som det er i smil og gråt,  
frå jordstrev og frå stugustell i heimom,  
frå ljose, glade småborn og siljufløytelåt,  
frå hest og kar som sveittar under reimom.

Eg kan helse deg frå vårdogg og lauv og gras og blom  
og våte, varme regnblot inni dalom,  
frå jonsokbål på høgdom når elva går i flom  
og fisken søkjer metta si ved balom.

Eg kan helse deg frå hardtid og frå uår og frost  
når bergingsvoni bivra som ein boge.  
Eit folk som fann seg utveg, eit liv som skein så ljost  
har røta seg som runer i vår soge .

Eg kan helse deg som ung er at landet vårt er fritt,  
ligg og skin her blidt i sumar og sæle.  
Du skal eige det og verje det og kjenne det er ditt,  
du skal ære det med far og mor sitt mæle.



*Trond Vigerust, Dovre*